

SAK 34/25 CAMPUS HALLINGDAL, STATUS OG VIDAREFØRING**Saksopplysning**

Regionrådet for Hallingdal vedtok i sak 44/24 ei vidareføring av Campus Hallingdal sitt etableringsprosjekt fram til 1.7.2025 utan at det kravde ytterlegare finansiering.

Det vart den gong vurdert som svært viktig at prosjektet kunne følgje opp fyrste kull med studentar som dei viktigaste ambassadørane for vidare utvikling av Campus Hallingdal. No eit år seinare er mykje på plass, men det er framleis mykje som skal gjerast for at Campus Hallingdal skal vekse og utvikle seg til eit varig utdanningstilbod i Hallingdal.

I denne saka vil Regionrådet få ein status på Campus Hallingdal i dag og vil bli invitert til å si noko om framtida når det gjeld organisering, finansiering, rekruttering og andre utviklingsmoglegheiter.

Vurdering:

Det er imponerende at Campus Hallingdal i løpet av så kort tid er etablert og teken i bruk. Dette er eit resultat av at gode idear blir godt forankra i organisasjonar som vil og har handlekraft. Det har vore avgjerande at kommunane i Hallingdal, Gol kommune som vertskommune og USN har stått saman rundt etableringa, og det vil vera avgjerande at desse partane står saman også om vidareføringa.

I frå sommaren 2024 og fram til i dag har USN, naturleg nok, får ei meir aktiv rolle når det gjeld rekruttering, undervisning og studietilbod. Det er derfor naturleg at etableringsprosjektet blir avslutta som planlagt, 30. juni. Likevel bør Hallingdal og Gol kommune jobbe saman med USN om fleire oppgåver som må gjerast for å få eit stabilt og varig Campus i Hallingdal, der det er attraktivt å studere.

Korleis ein gjer dette i praksis og om ein ev. treng noko finansiering må ein koma attende til, men det er naturlege oppgåve både for regionrådsadministrasjonen og for administrasjonen i Gol kommune.

Oppgåver som det naturleg at Hallingdal og Gol kommune er med på å utvikle:

- Rekruttering av studentar
- Finansiering for planlagt opptrapping 2026 (politisk påverknad)
- Med opptrapping vil det kunne bli behov for andre lokalitetar, som må planleggast no.
- Bidra til endå tettare kontakt mellom kommunane, lokalt næringsliv og academia. Det er i dette skjæringspunktet samfunnet utviklar seg .
- Med ambisjonane om eit campus som skal ha ei nasjonal interesse kan ein lokalt bidra til å koma fram til nye attraktive studietilbod og bidra til marknadsføring av desse.
- Vera ein aktør og vurdere synergjar med Bulystprogrammet i Hallingdal og Trainee Hallingdal, m.a. i forhold til rekruttering.

Forslag til vedtak

1. Etableringsprosjektet blir avslutta 30. juni 2025. Sluttrapporten på prosjektet kjem attende til Regionrådet når denne er klar.
2. Regionrådet ønskjer framleis å bidra til vidare utvikling av Campus Hallingdal i samarbeid med USN og Gol kommune som vertskommune ved at administrasjonen jobbar med saka.
3. Om det skulle vera behov for å gjennomføre tiltak som krev økonomi ber Regionrådet om å få ei sak på dette.

Hallingdal 6. juni 2025

Jan Olav Helling
Dagleg leiar